

## KAPITTEL 9 – HELIN

– Ok, fokus!

Tor roper, men det er det ingen som bryr seg om. Klassen er samla i Trollsalen, der dei skal ha avslutninga.

Liam set seg til pianoet. Han er berre så annleis enn dei andre. Det lyse håret ser framleis heilt heimeklipt ut, ingen rette kantar i nakken eller ved øyra. Ingen andre kunne gått med den raude strikkegenseren og sett så kul ut.

Når tonane frå pianoet tonar ut i rommet, stilnar faktisk praten. Teksten står på skjermen, og Tor står framfor dei og gyngar mens han syng. Det let faktisk ikkje så verst no.

*Snøen som fell stilt no i kveld,  
breier teppe over mørke fjell,  
alt blir så lysare no,  
og naturen får sove*

– Veldig bra! roper Tor. – De kjem til å overraske foreldra dykkar, eg har aldri høyrtd ein ungdomsskuleklasse syngje så fint og klart før! Det er nok pianoet som gjer susen!

Han klappar Liam på skuldra.

– Vi tek han ein gong til! seier Tor.

Helin kjem på at ho har lagt att mobilen i jakkelomma i klasserommet, og snik seg kjapt ut for å hente han. Det har hendt før at ting forsvinn frå jakkelommer her. Heldigvis ligg mobilen der, og så kjem ho på ein ting til, ho må på do. Det hastar ikkje å stå og syngje med dei andre.

Men då ho kjem tilbake til Trollsalen, er nesten alle dei andre fordufta. Berre Liam sit der og spelar på pianoet. Helin kjenner at det prikkar i hovudet. Kva har skjedd? Ho går sakte bort til Liam, han spelar noko som er både kjent og ukjent på same tid, sikkert noko gamalt. Ho stoppar og blir ståande og lytte, heilt til han er ferdig og musikken stilnar i den store salen. Så stille har det nok aldri vore her.

Liam snur seg, og Helin blir varm i fjeset. Sikkert raud. Det kjennest som om ho har sniklytta.

– Kor vart det av dei andre ...? klarer ho til slutt å få sagt.

– Rektor kom. Han ville snakke med Tor og ein til, eg trur det var Dennis. Og så forsvann alle, berre.

- Ikkje du, seier Helin.
- Nei, eg venta litt, seier Liam. – Eg har det ikkje travelt. Og det var fint å spele litt.
- Ja. Fint, seier Helin.

Liam let forsiktig att pianolokket.

- Likte du det altså? seier han.
- Ja, men eg anar ikkje kva det er, svarar Helin.
- Viss du vil høyre meir ... Det er ein konsert første nyttårsdag ...

Kva meiner han no? Skal han spele? Høyre på? Ber han henne med? Kan det vere som ho håper, at han har skrive den lappen?

- Far min spelar på konserten, kanskje du har lyst til å vere med?

Og før Helin har rokke å tenke seg om, har ho svara ja.

Strofene i julesongen er henta frå «Stjerna i desember» av Gaute Øvereng.